Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Alle på vedlagte adresseliste

Vår dato: 13 APR 2012
Vår ref.: NVE 201107601-4 kv/jaso
Arkiv: 312/067.3Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Jan Sørensen

# Høyring av søknad om overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune, Hordaland

**NVE har motteke søknad frå BKK Produksjon AS om løyve til overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet og Hommelfossen kraftverk. I samband med overføringa vert det òg søkt om installasjon av eit nytt aggregat på 2,1 MW i eit tilbygg til det eksisterande kraftverket. Årsproduksjonen i kraftverket etter oppgraderinga er berekna til 12,3 GWh. Søknaden vert sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfristen er 20. august 2012. Bruk gjerne nettsida til NVE når de sender fråsegn.**

Det er utarbeidd ein miljørapport som er vedlagt søknaden.

Søknaden skal handsamast etter kap. 3 i vassressurslova og § 6 i vassdragsreguleringslova, og gjeld løyve etter § 8 i begge lovar.

Søknaden med vedlagt miljørapport er tilgjengeleg på internettsida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Dersom det er ønskjeleg med papirutgåve av søknaden, kan ein kontakte BKK Produksjon AS v/Ingri Dymbe Birkeland, telefon 55129046 eller e-post: ingri.birkeland@bkk.no

Vi viser elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva vi ønskjer tilbakemelding på.

Vi ber *Masfjorden kommune* om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset på Masfjordnes fram til ***20. august 2012***. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Fråsegner skal sendast, gjerne via internett www.nve.no/Vannkraft, på e-post til nve@nve.no eller i brev til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast 20. august 2012.

Fråsegner eller delar av fråsegner vil bli referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit

samandrag som kan brukast til dette. Fråsegn er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine internettsider.

Med helsing

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Jan Sørensen
senioringeniør

Vedlegg: 3 Adresseliste, kopi av kunngjering, info.ark om sakshandsaminga

Kopi: BKK Produksjon AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN

**Adresseliste for:** BKK Produksjon AS – Søknad om overføring av vatn frå Matreselva nedanfor Brydalsfossen til Hommelvatnet i Masfjorden kommune.
**Handsamast etter:** Vassdragsreguleringslova § 6.
**Blir kunngjort av NVE to gonger i:** Strilen og Nordhordland.

| Til info | Ant søkn./ miljørapp. | Navn/adresse |
|---|---|---|
| | 3+3 | Masfjorden kommune, 5981 MASFJORDNES |
| | | Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN |
| | | Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN |
| x | | Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO |
| x | | Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 OSLO |
| | | Mattilsynet, Region Hordaland og Sogn og Fjordane, Postboks 383, 2301 BRUMMUNDAL |
| | | Direktoratet for naturforvaltning, 7485 TRONDHEIM |
| | | Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 OSLO |
| | | Norges geologiske undersøkelser, 7491 TRONDHEIM |
| | | Norges Geologiske Undersøkelser, 7491 TRONDHEIM |
| | | NGI, Pb. 3930 Ullevål Stadion, 0806 OSLO |
| | | Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER |
| | | Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM |
| | | Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgt. 25 0157 OSLO |
| | | Forum for natur og friluftsliv i Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN |
| | | Bergen og Omland Friluftsråd, Hellebakken 45, 5039 BERGEN |
| | | Naturvernforbundet Bergen og Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN |
| | | Norges Miljøvernforbund, Postboks 593, 5001 BERGEN |
| | | Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO |
| | | Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN |
| | | Norges Jeger- og Fiskerforbund, Hvalstadåsen 5, Pb. 94, 1378 NESBRU |
| | | Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN |
| | | Norges Bondelag, Pb. 9354 Grønland, 0135 OSLO |
| | | Hordaland Bondelag Fanav. 245, 5244 FANA |
| | | NHO Reiseliv, Postboks 5465 Majorstuen, 0305 OSLO |
| | | BKK Nett AS, Kokstadvegen 37, BERGEN |
| | | Statnett, Postboks 5192 Majorstuen, 0302 OSLO |
| | | Internt: KM-kace, ER-shs, RV-sme, EN-hsf, KD-ehy, HV-knaa |